**Til medlemmene i Hovudutval for opplæring i Sogn og Fjordane**

### Uttale frå NHO Sogn og Fjordane

# Vedr. fylkesdirektørens tilråding til opplæringstilbodet 2015-2016

NHO Sogn og Fjordane ser med uro på det framlegget som fylkesdirektøren har lagt fram for politikarane i Hovedutvalet for opplæring. Og det er situasjonen på nokre av dei yrkesfaglege studietilboda vi er uroa for. Vi meiner at tilbodet innanfor den yrkesretta utdanninga, der arbeidsmarknaden har sine behov må styrkast.

I lang tid har vi alle blitt gjort merksame på kor stor mangelen er på yrkesfagleg kompetanse innan ulike bransjar, ikkje minst innan industri, transport og bygg/anlegg. Dette har m.a. kome til syne gjennom dei siste næringsbarometra som har vore presenterte. Vi er i stor grad blitt avhengige av utanlandsk arbeidskraft for å ta unna den store veksten som skjer innan store deler av industrien, ikkje minst den som sorterer innanfor områda shipping og offshore. Men også innan transport og logistikk, mekanisk verksemd og bygg/anlegg er den utanlandske arbeidskrafta blitt eit vere eller ikkje vere for næringane.

Faren med denne utviklinga er at vi kan misse ein heil generasjon som ikkje har den yrkesfaglege utdanninga som næringslivet treng. Det kan få store følgjer den dagen den utanlandske arbeidskrafta uteblir fordi løns- og arbeidsvilkåra i heimlanda deira blir så mykje forbetra at dei ikkje lenger vil ta belastninga med å bu i utlandet. Vi ser allereie tendensar til denne situasjonen, og difor er det så viktig at vi sjølve gir vår eigen
ungdom både motivasjon og mulegheit til å velje utdanning innanfor dei fagområda der arbeidskraftmangelen er størst.

Difor ber vi no politikarane tenkje seg grundig om i høve til det framlegget som fylkesdirektøren har lagt på bordet for skuleåret 2015-2016.
**NHO SFj ber om at ein ikkje reduserar klassetalet innanfor yrkesfaglege studieretningar.**
**Samtidig må alle relevante aktørar halde fram med rekrutteringsarbeidet av nye lærebedrifter. Dette både i privat og offentleg sektor.**

Florø 24.11.20

Med vennleg helsing.


Holger Aasen
-seniorrådgjevar-
NHO Sogn og Fjordane

Jan Atle Stang
-Regiondirektør -
NHO Sogn og Fjordane